

Kva for motiv ligg bak namngjeving? Ei gransking med utgangspunkt i namn på klatreruter

Av Stig J. Helset

This article discusses the fundamental onomastic question of how names originate, based on the theory of cognitive grammar. To explore this question, the author examines names of climbing routes. This type of names is spontaneously given and characterized by the fact that it is possible to gain direct access to the namer's reasons for choosing the name. Thus, they are favourable for investigating the range of motives behind acts of naming. The article argues that the theory of cognitive grammar is a suitable framework for explaining how names originate since most of the names seem to have been created through analogy to units in lexicon as well as in onomasticon in the brain of the name giver.

1 Innleiing

På eitt vis har spørsmålet om kva for motiv som ligg bak namngjeving alltid vore ein sentral del av nordisk namneforskning, sidan tolking av einskildnamn og namnegrupper har stått i søkjelyset heilt sidan pionerperioden kring midten av 1800-talet. Likevel er det berre i løpet av dei siste 50 åra ein har sett tilløp til ein teoretisk debatt om kva for motiv som ligg bak namngjeving av stader. Debatten starta i og med Kurt Zilliacius' (1966) vidgjetne publikasjon *Ortnamnen i Houtskär*. Etter den tid har spørsmålet vore løfta fram i lyset ved nokre høve, men om ein ser på artiklane som er publiserte i dei berande namnefaglege tidsskrifta i Norden dei siste tiåra i sin heilskap, kan ein slå fast at berre ein liten del av dei handlar om teoretiske spørsmål knytt til motiv for namngjeving. I denne artikkelen vil eg freiste å kaste nytt lys over spørsmålet om kva for motiv som ligg bak namngjeving av stader ved å knyte det til kognitiv grammatikk og til ei gransking av namn på eit utval klatreruter. Akkurat

denne typen namnemateriale synest nemleg å vere godt eigna til å kaste lys over kva for motiv som ligg bak namngjeving, sidan vi kjenner alle namngjevarane og kan intervjuje dei, samstundes som desse namna er spontant gjevne.

Ifølgje Zilliacus (2002: 146f.) har ein i stadnamnforskinga vanlegvis gått ut frå ein hypotese om at alle stadnamn på eitt eller anna vis botnar i appellativiske uttrykk, utan at det har vore eksplisitt formulert om dette berre inneber at namna svarar til eit appellativiske uttrykk eller om namna faktisk har eit appellativisk opphav. Sjølv om Zilliacus reknar med at *nokre* stadnamn kan bli til ved at appellativiske frasar umedvite glir over til å bli namn («den långa udden» > «långudden» > «Långudden»), stiller han seg mykje tvilande til hypotesen om at stadnamn *vanlegvis* er danna direkte frå appellativ. Ein av grunnane til at han stiller seg tvilande til denne hypotesen, er at appellativ og namn etter hans syn har heilt ulike primærfunksjonar, nemleg klassifiserande kontra individutpeikande funksjon. Allereie i *Ortnamnen i Houtskär* argumenterer Zilliacus (1966: 9) for at analogi med etablerte namn spelar ei avgjerande viktig rolle ved namngjeving. I forlenginga av dette argumenterer Eero Kiviniemi (1975, 1976: 52) for at orddanning og namnedanning blir styrt av delvis ulike reglar, samstundes som også han understrekar at analogi spelar ei viktig rolle ved namnedanning. Når ein stad får namn på bakgrunn av analogi til andre namn som namngjevaren kjenner til, kan det ifølgje Kiviniemi (ibid.) skje på bakgrunn av semantiske, leksikalske, syntaktiske og morfologiske analogimønster, sjølv om han meiner å ha belegg for å hevde at det i naturnamn er mest vanleg med semantiske analogiar, og då særleg for utmerkingsleddet i samansetjingar.

Fleire studiar som tek føre seg stadnamn i eit språkkontaktperspektiv, syner korleis semantisk, leksikalsk, syntaktiske og/eller morfologiske analogimønster også spelar ei viktig rolle når stader får namn ved hjelp av lån frå namn i andre språk. Til dømes syner Ernst Eichler (1991) gjennom ei jamføring av slaviske og tyske namn korleis dei ulike namna er medlemmer av eit samla namnesystem med til dels stor avstand til det appellativiske systemet. Alexandra Petrulevich (2017: 87) tek til orde for «lingvistisk innriktade studier av språkförändring som tar inn båda replikerade och »inhemska» ortnamn med syfte att kartlägga *analogiske*

processer och fastställa vilka faktorer som ligger bakom sådana anpassningar respektive ombildningar.» [Mi uth.]

Den tyske forskaren Ernst-Michael Christoph (1990: 232f.) er som Kiviniemi (1976) tydeleg på at namn til dels utgjør eit eige system innanfor det samla ordforrådet: «Within the lexicon pn [proper names] do play a certain role: they are somehow special units. They build up the system of pn». I forlenginga av dette lanserer Staffan Nyström (1994: 141ff., 1995: 82ff.) med tilvising til Nicolaisen (1982) tanken om eit eige mentalt onomastikon som fungerer delvis uavhengig av eit større mentalt leksikon. Nyström (ibid.) argumenterer her for at namnsetjing av nye stader kan skje både med utgangspunkt i onomastikonet og med utgangspunkt i leksikonet, og for at det føregår ein stadig vekselverknad mellom desse to systema og mellom einingane internt i høvesvis onomastikonet og leksikonet.

2 Teori

Kristin Bakken (1994) stiller seg i hovudsak bak teorien til Nyström, men til skilnad frå Nyström og andre knyter Bakken denne namneteorien opp mot ein lingvistisk teori som Ronald Langacker (1987, 1991) lanserte i og med publikasjonen *Foundations of Cognitive Grammar*. Langackers kognitive grammatikk er ein reaksjon på Noam Chomskys (1972) generative grammatikk, som både pretenderer å oppnå fullstendig prediksjon om det menneskelege språket ved å framsetje grammatiske reglar med same status som universelle lover i naturvitskapane og å forklare desse reglane med tilvising til ein eigen grammatikkmodul i hjernen (UG). Den kognitive grammatikken avviser eksistensen av ein slik grammatikkmodul. Langacker (2008: 8) understrekar tvert imot at ein innanfor den kognitive grammatikken reknar med at lingvistiske strukturar er ein *integert* del av andre system og evner i hjernen: «Rather than constituting a distinct, self-contained entity (a separate ‘module’ or ‘mental faculty’), language is viewed as an integral facet of cognition».

Eit vesentleg poeng innanfor kognitiv grammatikk er at språk både er eit kognitivt og eit sosiokulturelt fenomen, og at språket til individet utviklar seg som eit produkt av sosial interaksjon i ein kulturell kontekst (Tomasello 2003), samstundes som den kognitive grammatikken understrekar at det aldri vil vere fullstending uniformitet mellom språket til dei ulike individa innanfor eit gitt språksamfunn (2008: 218). I forlenginga

av dette skriv Langacker (2008: 237) at den språkleg organiseringa i hjernen er kjenneteikna av komplekse kategoriar der multiple variantar er lenka i hop gjennom nettverk, og at forståinga av slike komplekse kategoriar er viktig både når vi skal skildre leksikon og når vi skal skildre grammatikken, som dessutan ikkje er separate storleikar, men som tvert imot formar eit kontinuum. Når det gjeld dei leksikalske einingane, som er dei som står mest sentralt i denne samanhengen, understrekar Langacker (2008: 37) at dei ofte er polysemantiske og har ein prototypisk semantikk: «it has multiple related meanings that have all been conventionalized to some degree. Among these related senses, some are more central, or **prototypical**, than others, and some are **schemas** that are elaborated (or instantiated) by others.»

Langacker skriv ikkje så mykje om namn og namngjeving sjølv, men Stefan Grondelaers og Dirk Geeraerts (2003: 88) har vore mykje opptekne av kva for konsekvensar innsiktene frå den kognitive grammatikken har å seie for namnsetjing, og gjennom to empiriske studiar meiner dei å ha belegg for å hevde at:

As far as lexical choice is concerned, we have established that the choice of a lexical item as the name for a particular referent is determined by the degree of prototypicality of the referent with regard to the semasiological structure of the category, by the onomasiological entrenchment of the category represented by the name, and by contextual features which interact with these principles.

Det er på bakgrunn av dei nemnde hovudtrekka i Langackers kognitive grammatikk og på bakgrunn av den ovanfor nemnde teorien til Nyström at Bakken (1994: 42ff.) lanserer det ho kallar nettverksmodellen, som skal forklare kva for motiv som kan ligge bak namngjeving. Modellen reknar med at alle nye namn kjem til på bakgrunn av analogi med utgangspunkt i eit fleirdimensjonalt leksikon, der onomastikon utgjer eitt av fleire undernettverk, og går vidare ut på at det er sterke interne sambandslinjer mellom dei ulike delane av onomastikon, men at det også finst svakare sambandslinjer til resten av leksikon. På denne bakgrunnen argumenterer Bakken (ibid.) for at dei mest eintydige namna (av typen *Torbjørn* som namn på menn) blir danna på bakgrunn av analogiar innanfor onomastikon, med relativt få sambandslinjer ut til det appellativiske ordforrådet,

medan dei halvappellativiske namna (av typen *Kalvehagen* som namn på innhegningar) kan ha fleire og sterkare sambandslinjer ut i den appellativiske delen av leksikon.

3 Metode

Dei ovanfor nemnde teoriane og modellane til Nyström og Bakken gjev etter mi vurdering truverdige forklaringar på korleis namn blir til. På denne bakgrunnen testa Helset (2013) grunntrekka i dei teoretiske modellane gjennom ein empirisk studie av namn på pinaklar og klatreruter i fjella kring Molladalen. Funna i den studien støttar opp om hovudtrekka i nettverksmodellen til Bakken (1994), som hevdar at nylaging av namn skjer etter analogiprinsippet, dels med utgangspunkt i onomastikon og dels med utgangspunkt i leksikon, samstundes som ein reknar med at det føregår ein interaksjon mellom propriale og leksikalske komponentar i hjernen – og mellom desse og tilhøve i den røynelege verda som namna blir til i. Det er likevel grunn til å presisere at sjølv om studien støttar opp om hovudtrekka i nettverksmodellen, syner nokre av funna at det ikkje er grunnlag for å hevde at *alle* nye namn kjem til på grunnlag av analogi; nokre av namna på pinaklane og klatrerutene i fjella kring Molladalen har mest truleg blitt danna utan analogi på bakgrunn av det allmenne leksikonet.

For å auke kunnskapsgrunlaget bak ein teori som skal forklare korleis stadnamn blir til, har eg i denne studien kartlagt namna på alle dei 87 klatrerutene i tre utvalde klatrefelt som er skriftfesta i klatreføraren *Sunnmøre - Frå Tindar til Kampesteinar* (Skeide 2018), nemleg Toskefloget, Kopp-hammaren og Nedstefeltet (sjå vedlegg). Det spesielle med namnemateriale frå klatreruter er at førstebestigarane, som vanlegvis også er dei som set namn på klatrerutene, er lista opp i samband med skildringa av kvar einskild rute i klatreførarar, noko som gjev oss direkte tilgang til namngjevaren og hans eller hennar motivasjon for å kalle klatreruta akkurat det den blei kalla. På det viset har eg stilt følgjande spørsmål til kvar einskild av dei ulike førstebestigarane av rutene på dei tre nemnde klatrefelta: «Kvifor gav de ruta akkurat dette namnet?» Svara som eg fekk inn, delte eg inn i ulike kategoriar etter kva for motiv som ligg til grunn for dei.

Zilliacus (2002: 144f.) skil mellom ‘namngivingsgrunder’ og ‘namngivingsmotiv.’ Førstnemnde definerer han som «de sakliga grunder

som är språkligt markerade i namnen och har konstituerat namngivarnas idé för namnvalet.» Sistnemnde har «i varje enskilt fall utgjorts av en serie sakliga och språkliga omständigheter som inte är markerade i själva namnen och vanligen inte heller motsvaras av några registrerbara entydigt bevisande fakta.» På dette grunnlaget konkluderer Zilliacus (ibid.) med at det ikkje finst noko nødvendig samband mellom stadnamna sin funksjon, namngjevarane sitt motiv for å gje namn og deira val av idear for namnevalet, og at det i mange tilfelle er tydeleg at namngjevar har kunna innføre namn berre på grunn av ei hending eller på grunn av stadens spesielle utsjånad.

Vidar Haslum (2012: 31f.) gjev ei omfattande drøfting av ulike namngjevingsprinsipp bak dei heimlege stadnamna frå dei eldste tider til i dag. Han set opp eit overordna skilje mellom «I. Lokalitetsbeskrivende motiver», som han igjen deler inn i «a) Terrengbeskrivende motiv (...) b) Miljøbeskrivende motiv (...) c) Funksjonsbeskrivende motiv [og] d) Relasjonsangivende motiv», og «II. Ikke-lokalitetsbeskrivende motiver», som han igjen deler inn i «a) Eier- og brukarangivende motiv, b) Hendelsesmotiv [og] c) Annet». Samstundes understrekar Haslum (2012: 33) at namngjevingsmotiv kan bli kategoriserte på mange ulike måtar og med grovare og finare inndelingar, alt etter kva for materiale ein studerer.

Etter mi vurdering er det føremålstenleg å skilje mellom det ein kan kalle ytre og indre namngjevingsmotiv. Med ytre motiv meiner eg tilhøve i den røynelege verda som har gjeve opphav til namnet, og etter ein førebels studie av namna på rutene i klatrefelta Toskefloget, Koppammaren og Nedstefeltet, kom eg fram til at det var føremålstenleg å operere med ein modell med tre hovudkategoriar av ytre namngjevingsmotiv:

- A) Karakteristiske trekk ved utsjånaden eller tilstanden på klatreruta.
- B) Kontekstuelle hendingar i samband med førstebestigninga av klatreruta.
- C) Namnetematikk som går att på klatrefeltet. (Heng tett saman med kategori 3 nedanfor.)

Dei fleste av namna i materialet skriv seg attende til éin og berre éin av desse hovudkategoriane. Det er likevel liten tvil om at ein god del av namna i materialet skriv seg attende til både to og jamvel tre av kategoriane samstundes. Eit namn som *Julenøtter* viser til at ein ikkje

sjeldan finn nøtter og nøtteskal i rissa etter ekorna som (også) klatrar i veggene i Toskefloget (kategori A), men også til at ruta første gong blei klatra ved juletider (kategori B), samstundes som dette med nøtter har blitt det vi kan kalle eit tema for ein god del av rutene i dette klatrefeltet – jf. *Påskesnøtter*, *Nøtteblanding* og *Turmix* (kategori C). Går vi til rutenamnet *No country for old men*, kan vi slå fast at dette først og fremst viser til at dei to førstebestigarane var godt vaksne karar som kanskje fekk brynt seg på ruta (kategori B), samstundes som dette med namn på Hollywoodfilmar har blitt eit tema for nokre av rutene på Kopphammaren – jf. *There will be blood* (kategori C). Vidare syner det seg at ruta *Spentax* i Nedstefeltet ikkje berre har fått namnet sitt fordi det vanskelegaste punktet krev at ein tek eit skikkeleg spenntak (kategori A), men også fordi ruta fekk si førstebestigning kort tid etter at eit stort passasjerfly frå det spanske flyselskapet Spantax heldt på å gjere ei katastrofal feillanding på Mossevegen (kategori B). Slik eg vurderer det, peikar desse døma i retning av at det i namngjeingsprosessen ofte føregår ein interaksjon mellom faktiske tilhøve i verda på den eine sida og propriale og leksikalske komponentar i hjernen på den andre, og med dette er vi over på det vi kan kalle indre motivasjon bak namngjeving.

Med indre motivasjonen meiner eg på kva for måtar namna kjem i stand på inne i hjernen til namngjevaren og på kva for delar av hjernen og språket namngjevaren hentar orda eller namna i frå. Hypotesen i den ovanfor nemnde nettverksmodellen til Bakken (1994) er at all nylaging skjer etter analogiprinsippet, og at namna dels blir danna med utgangspunkt i onomastikon og dels med utgangspunkt i leksikon. Samstundes reknar ein med at det føregår ein interaksjon mellom propriale og leksikalske komponentar i hjernen – og mellom desse og tilhøve i den røynelege verda som namna blir til i, slik at det ikkje alltid er like enkelt å heimfeste eit namn til éin av desse to delvis samanvevde komponentane i hjernen. Etter ein førebels studie av namna på rutene i mitt materiale, kom eg fram til at det var føremålstenleg å opererer med ein modell med tre hovudkategoriar også når det kjem til spørsmålet om indre namngjevingsmotiv, nemleg namn som er danna på bakgrunn av leksikon, slik som *Harde tak*, namn som er danna på bakgrunn av ein ekstern onomastisk analogibase og namn som er danna på bakgrunn av ein intern onomastisk analogibase. Det syner seg nemleg at namn som er danna på bakgrunn av ein onomastisk analogibase, anten kan vise til eksterne analogibasar,

interne analogibasar eller b e delar. Ser ein p  eit namn som *Batalden*, som botnar i at ein av f rstebestigarane er fr  staden Batalden, kan ein seie at dette berre viser til ein ekstern onomastisk analogibase (stadnamn). Ser ein derimot p  eit namn som *Stjerneskudd*, viser dette attende til ein intern onomastisk analogibase for rutenamn i Toskefloget som startar p  *Stjerne-*. Ser ein p  eit namn som *Kristianruta*, viser dette b de attende til ein ekstern onomastisk analogibase (mannsnamn), samstundes som det ogs  viser attende til ein intern onomastisk analogibase for ein del av rutene p  Kopphammaren – jf. *Andersruta*. Dermed f r vi i  lts  f lgjande kategoriar n r det gjeld indre namngjevingsmotiv:

- 1) Namn som er danna p  bakgrunn av leksikon.
- 2) Namn som er danna p  bakgrunn av ein ekstern onomastisk analogibase.
- 3) Namn som er danna p  bakgrunn av ein intern onomastisk analogibase.

Vi merker oss at fleire av namna i materialet skriv seg attende til to av kategoriane innanfor det eg har kalla indre namngjevingsmotiv, noko som korresponderer bra med dei delane av den kognitive grammatikken som hevdar at den spr kleg organiseringa i hjernen er kjenneteikna av komplekse kategoriar der multiple variantar er lenka i hop gjennom nettverk, og at dei leksikalske einingane ofte er polysemantiske og har ein prototypisk semantikk (Langacker 2008: 37, 237).

4 Resultat og dr fting

Zilliacus (2002: 146) og Nystr m (1994: 146) synest vere samde om at dess meir medviten namngjevinga er, dess meir vil v rt onomastikon st  i sentrum. Innanfor klatremilj et er det vanleg praksis at f rstebestigarane av ei rute gjev ruta namn s  snart som r d, vanlegvis like etter at ruta er klatra for f rste gong, for slikt   skilje ho fr  andre ruter. Det er med andre ord snakk om ei d psakt som p  ei og same tid er spontan og medviten. Dersom dei to nemnde namnegranskarane har rett i sine p standar, er det med andre ord grunn til   rekne med at dei fleste namna i mitt materiale har blitt danna med bakgrunn i onomastikon. I det f lgjande skal vi kartlegge namnematerialet n rmare med omsyn til dei ovanfor nemnde

kategoriane av høvesvis ytre og indre namngjevingsmotiv med det til siktemål å kaste lys over spørsmålet om korleis stadnamn blir til.²⁰⁾

Vi tek utgangspunkt i ytre namngjevingsmotiv. Namna i kategori A går på karakteristiske trekk ved utsjånaden (*Grønerisset*) eller tilstanden (*Bratt*) på klatreruta, og i utgangspunktet skulle ein tru at dei fleste av desse namna er danna utan analogi med utgangspunkt i leksikon åleine. Men som vi snart skal sjå, stemmer dette ikkje for dei fleste namna i kategori A. Det er i alt 45 namn som soknar til kategori A, og av desse kan ein hevde at åtte også soknar til kategori C, som går på namnetematikk på det aktuelle klatrefeltet (slik som til dømes *Yttersida*, *Midsida*, *Overtak* og *Undertak*), medan eitt av dei også soknar til kategori B, som går på kontekstuelle hendingar i samband med førstebestigninga (*Spentax*). I tillegg er det slik at to av namna som soknar til kategori A, også soknar både til kategori B og til C (*Julenøtter* og *Påskønøtter*).

Nokre av namna i kategori A er såkalla samanlikningsnamn (*Vulva*), andre er berre skildringar av det ein faktisk ser (*Slapt dieder*), medan endå andre går på tilstanden ved sjølve klatreruta (*Zikk-Zakk*). Dersom ein ser nærmare etter, syner det seg at mange av namna i denne kategorien delvis er danna på bakgrunn av ein allereie eksisterande ekstern eller intern analogibase, og at namna slik er resultat av ein vekselverknad mellom onomastikon, leksikon og den røynelege verda i kring. Dette gjeld så mykje som 26 av dei i alt 45 namna som soknar til kategori A. Til dømes er det slik at ruta *Fjordsyn* i Toskefloget ikkje berre har fått namnet sitt fordi ein får eit flott utsyn over *Austefjorden* frå ruta, men også fordi førstebestigaren, som er lege, ønskte å gje ein referanse til den lokale aldersheimen *Fjordsyn*, medan ruta *Ryggen* ikkje berre har fått namnet sitt fordi ruta går langs ein rygg, men også fordi namnet skulle skilje denne ruta frå ei anna rute i Nedstefeltet som allereie hadde fått namnet *Kanten*. Når

20) Når eg skriv «korleis stadnamn blir til» og ikkje berre «korleis namn på klatreruter blir til», er det fordi eg meiner det er gode grunnar til å rekne med at dei fleste spontant gjevne stadnamn har blitt danna på liknande måtar som namn på klatreruter. Likevel er det grunn til å peike på at namngjeving av klatreruter finn stad innanfor bestemte subkulturar (i dette tilfellet klatremiljøet på Sunnmøre) som kan ha gjeve føringar på namnsetjinga som ein ikkje finn ved anna namnsetjing. Dessutan lyt det presiserast at namnutvalet i denne studien er avgrensa til namn på ruter på klatrefelt i låglandet, noko som rett nok blir balansert ved at den tidlegare nemnde studien av namn på pinaklar og klatreruter i fjella kring Molladalen (Helset 2013) gav mykje av dei same resultatata som vi skal sjå kjem fram av denne studien.

det er sagt, lyt vi presisere at iallfall dei fleste av dei resterande 19 namna i kategori A synest å vere danna med bakgrunn i leksikon åleine. Frå min ståstad er det vanskeleg å sjå at namn som til dømes *Harde tak*, *Nesten* og *Balanse* skal vere danna på grunnlag av analogi, då det vel neppe finst andre, liknande namn i hjernen til namngjevaren som kunne ha danna grunnlag for slik analogi. Tvert imot finn eg det sannsynleg at desse namna er danna med bakgrunn i reine appellativiske uttrykk, og at dei på denne måten skil seg frå namn som ifølgje Bakken (1994: 42) kan ha blitt danna på bakgrunn av halvappellativiske uttrykk, slik som *Kalvehagen*. For sjølv om eit namn som *Kalvehagen* mest truleg har blitt danna ved at ein appellativisk frase meir eller mindre medvite har blitt eit namn (jf. Zilliacus 2002: 146), er det slett ikkje usannsynleg at eit slikt namn også har kome i stand ved analogi til allereie eksisterande og likelydande eller liknande namn på andre hagar der kalvar er gjerda inne.

Kategori B er med sine 35 namn den nest mest talrike når det gjeld ytre namngjevingsmotiv. Desse namna spring ut av kontekstuelle hendingar i samband med førstebestigninga av klatreruta, slik som til dømes ruta *Ekorn*, som fekk namnet sitt fordi eit ekorn sprang over magen på den eine førstebestigaren medan han låg på bakken og venta på klatrekompisen. Av dei 35 namna i denne kategorien er det åtte namn som også soknar til kategori C, som inneheld namn som spring ut av ein intern namnetematikk ved det aktuelle klatrefeltet. Som døme på dette kan eg trekkje fram *Kokken Tor*, *Stjernesludd* og *Splitter pine* i Toskefloget. Alle desse rutene blei nemleg første gong klatra ved juletider, då førstebestigaren brukar å høyre på Dumdum Boys, som altså står bak rockelåtane med same namn som dei nemnde klatrerutene. I tillegg har vi den ovanfor nemnde ruta som sokna både til kategori A og B (*Spentax*) og dei to av namna som soknar til kategori A, B og C samstundes (*Julenøtter* og *Påsenøtter*).

Vel halvparten (18) av namna i kategori B synest å vere danna anten på bakgrunn av ein ekstern onomastisk analogibase eller på bakgrunn av ein intern onomastisk analogibase eller bae delar. Tre av namna er nemleg danna på bakgrunn av ein ekstern onomastisk analogibase (*Sivertvegen*, *Tore på sporet* og *Batalden*), medan så mykje som femten av namna både viser til ein intern onomastisk analogibase og til ein ekstern onomastisk analogibase. Som døme på det siste, kan eg trekkje fram *Palmesøndag*, *Skjærtorsdag*, *Månestråle* og *Sølvpilen* i Toskefloget. Samla sett syner

dette at også mange av namna i denne kategorien har kome i stand på grunnlag av (kryssande) analogiske krefter. Ikkje desse mindre synest knapt halvparten (17) av namna i denne kategorien å vere danna med bakgrunn i leksikon åleine. Som tilfellet var ved ein del av namna i kategori A, er det for meg er vanskeleg å sjå at namn som til dømes *Ekorn*, *Røyskatt*, *Vårkåt* og *Jomfrudom* skal vere danna med bakgrunn i analogi. Tvert imot finn eg det sannsynleg at også desse namna er danna eine og åleine med bakgrunn i reine appellativiske uttrykk.

Det er i alt 28 namn som soknar til kategori C, som altså inneheld namn som spring ut av ein intern namnetematikk ved det aktuelle klatrefeltet. Vi har allereie slått fast at åtte av desse namna også soknar til kategori A, og åtte av dei andre namna i kategori C også soknar til kategori B, medan to av namna soknar til kategori A, B og C samstundes.

Elles ligg det naturlegvis i sjølve kategoriseringa at alle namna i denne kategorien spring ut av ein intern analogibase. Samstundes kan vi merke oss at så mykje som 16 av namna i kategori C også er danna med bakgrunn i ein ekstern analogibase (slik som til dømes *Særimne*, *Sleipner*, *Ikaros* og *Daidaros*), medan åtte av namna i denne kategorien også er danna med bakgrunn i leksikon (slik som til dømes *Overtak*, *Undertak*, *Sidetak* og *Ønsketak*).

5 Konklusjon

Gjennom denne artikkelen har eg freista å argumentere for at Langackers (2008) kognitive grammatikk er eit velegna utgangspunkt for å klargjere korleis stadnamn blir til. Som vi har sett ovanfor, er det nemleg høg grad av korrelasjon mellom funna i denne studien og dei delane av den kognitive grammatikken som hevdar at den språkleg organiseringa i hjernen er kjenneteikna av komplekse kategoriar der multiple variantar er lenka i hop gjennom nettverk, og at dei leksikalske einingane ofte er polysemantiske og har ein prototypisk semantikk.

Det er vidare klart at funna i studien iallfall sannsynleggjer hovudtrekka i nettverksmodellen til Bakken (1994), som hevdar at nylaging av namn skjer etter analogiprinsippet, dels med utgangspunkt i onomastikon og dels med utgangspunkt i leksikon, samstundes som ein reknar med at det føregår ein interaksjon mellom propriae og leksikalske komponentar i hjernen – og mellom desse og tilhøve i den røynelege verda som namna blir til i. For det første har vi sett at så mykje som 19 av dei i alt 87 namna

i materialet har blitt danna på grunnlag av to eller fleire av dei tre ytre namngjevingsmotiva samstundes. At rutenamn som *Julenøtter* og *Påskenoetter* skriv seg attende både til karakteristiske trekk ved rutene, kontekstuelle hendingar knytt til førstebestigningane av rutene og ein intern namnetematikk for klatrefeltet Toskefloget, syner at namn kan oppstå på grunnlag av komplekse og samansette tilhøve i den røynelege verda i namngjevingsaugneblinken. For det andre har vi sett at heile 51 av dei 87 namna i materialet er danna anten på bakgrunn av ein ekstern onomastisk analogibase eller på bakgrunn av ein intern onomastisk analogibase eller både delar. Likevel gjev funna i studien gode grunnar til å trekkje i tvil påstanden til Bakken om at *all* nylaging skjer på bakgrunn av analogiprinsippet, då så mykje som 36 av dei 87 namna i materialet synest å vere danna med bakgrunn i leksikon åleine, utan analogi til andre namn.

Sidan namngjeving av klatreruter så godt som alltid tek form av ei dåpsakt som på ei og same tid er spontan og medviten, samstundes som studien syner at så mykje som 51 av dei til saman 87 namna i materialet er danna anten på bakgrunn av ein ekstern onomastisk analogibase eller på bakgrunn av ein intern onomastisk analogibase eller både delar, kan ein likevel hevde at funna i studien i stor grad støttar opp Nyströms (1994: 146) noko mindre kategoriske påstand om at «ju mer medveten namngivingen är, ju mer det faktisk er frågan om ett egentligt namnval och ju tydligare själva dopakten fokuseras desto mer ställs vårt onomastikon i sentrum».

Litteratur

- Bakken, Kristin 1994: Navnelaging og onomastikonet. *Namn og nemne* 11, 35–45.
- Chomsky, Noam 1972: *Language and Mind, enlarged ed.* New York: Harcourt Brace Jovanovich.
- Christoph, Ernst-Michael 1991: On Name Systems in the Communication of a Village Community. *Proceeding of 17th ICOS.*
- Eichler, Ernst 1991: Über Namensysteme. *Proceeding of 17th ICOS.*
- Grondelaers, Stefan & Dirk Geeraerts 2003: Towards a pragmatic model of cognitive onomasiology. Geeraerts, Dirk, Dagmar Divjak & John R. Taylor (red.): *Cognitive Approaches to Lexical Semantics.* Berlin: De Gruyter Mouton.

- Haslum, Vidar 2012: Navngivingsprinsipper og språkutvikling. *Namn og nemne* 29, 31–46.
- Helset, Stig J. 2013: Tilhøvet mellom onomastikon og leksikon. Ei gransking med utgangspunkt i namn på pinaklar og klatreruter. *Namn och bygd* 101, 135–154.
- Kiviniemi, Eero 1975 [1977]: Paikannimien rakennetyypeistä. Helsingfors. [Recension av Aino Naert. *Namn och bygd* 65.]
- Kiviniemi, Eero 1976: Om namngivningens sociala bakgrund och systematiska karaktär. V. Dalberg, B. Helleland, A. Rostvik og K. Zilliacus (red.): *Ortnamn och samhälle. Aspekter, begrepp, metoder. Rapport från NORNAs fjärde symposium i Hanaholmens kulturcentrum 25.-27. april 1975*, 49–58.
- Langacker, Ronald W. 1987: *Foundations of Cognitive Grammar*, vol. 1: *Theoretical Prerequisites*. Stanford, California: Stanford University Press.
- Langacker, Ronald W. 1991: *Foundations of Cognitive Grammar*, vol. 2: *Descriptive Applications*. Stanford, California: Stanford University Press.
- Langacker, Ronald W. 2008: *Cognitive Grammar. A Basic Introduction*. Oxford: Oxford University Press.
- Nicolaisen, Wilhelm F.H. 1976: Words as Names. *Onoma* 20.
- Nyström, Staffan 1994 [1996]: Namnmönster, namnsystem, onomastikon – något om namnförrådets art och struktur. K. Kruken (red.): *Den ellefte nordiske navneforskerkongressen: Sundvollen 19.–23. juni 1994. NORNA-rapporter 60*. Uppsala: NORNA-förlaget, 133–148.
- Nyström, Staffan 1995: Lexikon och onomastikon – Två samverkande system. *Namn og nemne* 12, 81–88.
- Petrulevich, Alexandra 2017: «Utländskt», «inhemskt» och ortnamnsanpassning. Finns det universella anpassningsprinciper? *Namn og nemne* 34, 67–91.
- Skeide, Tommy 2018: *Sunnmøre – Frå Tindar til Kampesteinar*. Ålesund: Skeide Interaksjon.
- Tomasello, Michael 2003: *Constructing a Language: A Usage-Based Theory of Language Acquisition*. Cambridge, Massachusetts: Harvard University Press.
- Zilliacus, Kurt 1966: *Ortnamnen i Houtskär. En översikt av namnförrådets sammansättning*. Studier i nordisk filologi 55. Helsingfors: Skrifter utgivna av Svenska litteratursällskapet i Finland, nr. 416.
- Zilliacus, Kurt 2002: *Forska i namn*. Helsingfors: Skrifter utgivna av Svenska litteratursällskapet i Finland, nr. 640.

Vedlegg

| Kartlegging av namn på klatreruter i Ørsta og Volda | | | | |
|--|--|---|-------------------|--------------|
| | | | Motivasjon | |
| Klatrefelt/ Rutenamn | Førstebestig- rar/ Namngjevarar | Motivasjon: Kvifor gav de ruta akkurat dette namnet? | Ytre | Indre |
| Toskefloget | | | | |
| Palmesøndag | Tore Lundberg | Førstebestigar klatra ruta på palmesøndag | B | 2,3 |
| Skjærtorsdag | Tore Lundberg | Førstebestigar klatra ruta på skjærtorsdag | B | 2,3 |
| Sivertvegen | Tore Lundberg og Sivert Vågen | Sivert (Vågen) var med på førstebestigning, samstundes som kompis bur i Sivertvegen | B | 2 |
| Poco Loco | Tommi Rätty | Det var litt galskap å lage denne ruta, som skil seg frå dei nærliggande og som derfor fekk spansk namn | A | 2 |
| Ekorn | Tore Lundberg | Det sprang eit ekorn over magen på førstebes- tigar medan han kvilte på bakken før han klatra ruta | B | 1 |
| Ramnevaglen | Tore Lundberg og Iver Gjelstenli | Den første nye ruta etter at førstebestigar hadde fått kjennskap til det lokale namnet på veggen | A | 2 |
| Røyskatt | Tore Lundberg | Førstebestigar såg ein røyskatt same dagen som ruta blei klatra | B | 1 |
| Særimne | Tore Lundberg | Tema norrøn mytologi. Analogi | C | 2,3 |
| Sleipner | Tore Lundberg | Tema norrøn mytologi. Analogi | C | 2,3 |
| Ung | Tore Lundberg | Den eine førstebestigaren var veldig ung | B | 1 |
| Luring | Tore Lundberg | Ruta er samansett i ettertid av lengder som blei til overs frå andre ruter | A | 1 |
| Toskeskap | Tore Lundberg | Førstebestigar klatra den vanskelege ruta med mange og lange fall med ung son som sikrar | B | 1 |
| Månestråle | Tore Lundberg | Viser til den eine førstebestigaren sine ero- tiske ungdomsdraumar | B | 2,3 |

| | | | | |
|------------------|--|--|---|-----|
| Opp som en hjort | Jon Hjorthaug | Tek utgangspunkt i namnet på førstebestigar og starten av ordtaket | B | 1 |
| Sølvpilen | Tore Lundberg | Kompis hadde ein gammal volkswagen som blei kalla for Sølvpilen etter teikneserien | B | 2,3 |
| Fjordsyn | Jon Hjorthaug | Frå ruta har ein flott utsyn over fjorden, samstundes som aldersheimen i Volda heiter Fjordsyn | A | 2 |
| Tore på sporet | Tore Lundberg | Førstebestigar på sporet av vanskeleg klatring som botemiddel mot angst og depresjon | B | 2 |
| Munin | Tore Lundberg og Kjetil Solbakken | Tema norrøn mytologi. Analogi | C | 2,3 |
| Hugin | Tore Lundberg og Kjetil Solbakken | Tema norrøn mytologi. Analogi | C | 2,3 |
| Harde tak | Tore Lundberg og Kjetil Solbakken | Karakterisk trekk: ruta er hard | A | 1 |
| Herrepartiet | Tore Lundberg og Kjetil Solbakken | Viser humoristisk til herreerotikk | A | 2 |
| Nestor nestor | Tore Lundberg og Kjetil Solbakken | Dei to førstebestigarane var og er nestorar i det lokale klatremiljøet | B | 1 |
| Gode boller | Tore Lundberg og Kjetil Solbakken | Lundberg brukar ofte dette uttrykket når han er fornøgd med noko, slik som med denne ruta | B | 1 |
| Over evne | Erlend Langvatn | Karakterisk trekk: ruta var for vanskeleg, samstundes som førstebestigar las 'Over evne' av Bjørnson | A | 2 |
| Vanlig veg | Tore Lundberg, Kjetil Solbakken og Helge Standal | Vanleg namn på ei tidleg, men heller vanskeleg rute i klatrefelt. Ironisk namngjeving | A | 1,3 |
| Fjøsvegen | Tore Lundberg | Ein av førstebestigarane skulle vere avløyсар i fjøsen etter klatring | B | 1 |
| Lommerusk | Tore Lundberg | Førstebestigar var usikker på om dette kunne reknast som ei sjølvstendig rute | A | 1 |

| | | | | |
|------------------------|---------------|--|-----------|-----|
| Julenøtter | Tore Lundberg | Tema nøtter, som det finst mykje av i rissa, samstundes som ruta blei klatra i romjula. Analogi | A,B, C | 2,3 |
| På kanten | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: ruta ligg på kanten | A | 1 |
| I mellom | Tore Lundberg | Førstebestigar var usikker på om dette kunne reknast som ei sjølvstendig rute | A | 1 |
| Påskenøtter | Tore Lundberg | Tema nøtter, som det finst mykje av i rissa, samstundes som ruta blei klatra i påska. Analogi | A,B, C | 2,3 |
| Turmix | Tore Lundberg | Tema nøtter. Analogi | C | 2,3 |
| Kokken Tor | Tore Lundberg | Tema musikk: Førstebestigar brukar høyre DeLillos og Dum Dum Boys ved juletider. Analogi | B,C | 2,3 |
| Nøtteblanding | Tore Lundberg | Tema nøtter. Analogi | C | 2,3 |
| Stjernesludd | Tore Lundberg | Tema musikk: Førstebestigar brukar høyre DeLillos og Dum Dum Boys ved juletider. Analogi | B,C | 2,3 |
| Splitter pine | Tore Lundberg | Tema musikk: Førstebestigar brukar høyre DeLillos og Dum Dum Boys ved juletider. Analogi | B,C | 2,3 |
| Stjerneskudd | Tore Lundberg | Ordspel: stjernesludd > stjerneskudd | C | 3 |
| Ikaros | Tore Lundberg | Tema gresk mytologi. Analogi | C | 2,3 |
| Daidaros | Tore Lundberg | Tema gresk mytologi. Analogi | C | 2,3 |
| Kopphammaren | | | | |
| 57 | Tore Lundberg | Førstebestigar blei 57 år den dagen ruta blei klatra | B | 1 |
| RasPutin | Tommy Rätty | Vladimir Putin i media, men viser også til den <i>ville</i> livsførselen til munken RasPutin under WWI | A | 2 |
| God årgang | Tore Lundberg | Førstebestigarane var godt vaksne karar | B | 1 |
| Venelaus stakkar | Morten Høydal | Førstebestigaren hadde med for få eksemplar av sikringsmiddelet "friends" | B | 1 |
| Yttersida | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: ruta ligg på yttersida | A,C | 1,3 |
| Opp | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: ruta går rett opp | A,C | 1,3 |
| Midtsida | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: ruta ligg på midtsidar | A,C | 1,3 |
| No country for old men | Tore Lundberg | Viser til tittel på Hollywoodfilm, samstundes som førstebestigarane var godt vaksne karar. Analogi | B,C | 2,3 |
| There will be blood | Tore Lundberg | Viser til tittel på Hollywoodfilm, samstundes som ruta er hard. Analogi | B,C | 2,3 |

| | | | | |
|--------------------------|--|---|-----|-----|
| Gode duer kommer tilbake | Kamil Vavrousek | Eit tsjekkisk ordtak som viser til at førstebestigaren vende tilbake til Ørsta etter fleire år i Tsjekkia | B | 1 |
| Batalden | Tore Lundberg | Ein av førstebestigarane vaks opp på Batalden | B | 2 |
| Palmehaven | Tore Lundberg | Ruta endar nær noko som liknar palmer, samstundes som førstebestigar likar seg i Palmehaven | A | 2 |
| Slapt dieder | Etb. Tore Lundberg Fb. Petter Winther | Karakteristisk trekk: ruta går i eit dieder som krev balanse | A | 1 |
| Skrå | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: ruta går på skrå | A | 1 |
| Gledesdreperen | Tommy Rätty | Ruta er veldig fin og går på naturlege sikringer lenge, men måtte (dessverre) avsluttast med boreboltar | A | 1 |
| Bratt | Etb. Tore Lundberg Fb. Petter Winther | Karakteristisk trekk: ruta er bratt | A | 1 |
| Vulva | Tore Lundberg | Samlikningsnamn: ein del av ruta gjev assosiasjonar til ei vulva | A | 1 |
| Flaket | Tore Lundberg | Samanlikningsnamn: ruta går langs eit flak | A | 1 |
| Kåt-Kristian | Kamil Vavrousek | Samanslåing av 1. taulengd frå Vårkåt og 2. taulengd frå Kristianruta | C | 3 |
| Vårkåt | Rolf Martin Bjørgård | Førstebestigaren var ung og vårkåt | B | 1 |
| Kristianruta | Tore Lundberg og Petter Winther | Namn etter Kristian som borra, men ikkje klatra ruta | B,C | 2,3 |
| Storbonden | Kjetil Leknes | Namn etter storbonden Kjetil som borra, men ikkje klatra ruta | B,C | 2,3 |
| Andersruta | Anders Ramstad | Namn etter Anders som borra, men ikkje klatra ruta | B,C | 2,3 |
| Zikk-Zakk | Tore Lundberg og Kjetil Solbakken | Karakteristisk trekk: ruta sikkar seg opp veggen | A | 1 |
| Kopphammeren | Tore Lundberg og Frode Guldal | Den første nye ruta etter at førstebestigar hadde fått kjennskap til det lokale namnet på veggen | A | 2 |
| Nesten | Kamil Vavrousek | Karakteristisk trekk: Ruta er veldig fin, men ikkje superfin | A | 1 |
| Kanten | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: Ruta ligg på kanten | A | 1 |
| Vanlig veg | Tore Lundberg | Vanleg namn på ei tidleg, men heller vanskeleg rute i klatrefelt. Ironisk namngjeving | A | 1,3 |
| Gullkorn | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: Ruta går i eit gult parti i veggen og er veldig fin | A | 1 |

| | | | | |
|---------------------|-----------------|--|-----|-----|
| Overtak | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: Ruta går forbi eit tak-overheng i veggen og er prega av positive tak | A,C | 1,3 |
| Jomfrudom | Anders Lundberg | Den første ruta som førstebestigaren bolta, samstundes som han er født i stjerneiknet Jomfruen | B | 1 |
| Tiltak | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: Ruta går opp til eit tak-overheng i veggen | A,C | 1,3 |
| Sidetak | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: Ruta har eit sidetak som nøkkeltak | A,C | 1,3 |
| Undertak | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: Ruta er prega av negative tak | A,C | 1,3 |
| Ønsketak | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: Ruta manglar eit tak | A,C | 1,3 |
| Nedstefeltet | | | | |
| Me likar det ikkje | Idar Ose | Dei erfarne klatrarane likte ikkje at ungdomen laga den første borreboltruta i Nedstefeltet | B | 1 |
| Naså | Kjell Ivar Øye | Samanlikningsnamn: Ein formasjon på ruta liknar på ein nase | A | 1 |
| Spentax | Tore Lundberg | Viser til flyet frå Spantax som holdt på å lande på Mossevegen, samstundes som ruta krev spenntak | A,B | 2 |
| Balanse | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: Ruta krev god balanse | A | 1 |
| Grønerisset | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: Ruta går gjennom eit riss som som ligg i eit parti med grønaktig bergvegg | A | 1 |
| Kanten | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: Ruta ligg på kanten | A | 1,3 |
| Slip sliding | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: Det er lett å skli av ruta, men også referanse til Paul Simon si låt Slip sliding away | A | 2 |
| 78 | Tore Lundberg | Ruta blei klatra for første gong i 1978 | B | 1 |
| Skrå | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: Ruta går på skrå og motsett veg av alle andre ruter i veggen | A | 1 |
| Ny von | Tore Lundberg | Førstebestigar fekk endeleg med seg ein annan klatrar for å vidareutvikle veggen | B | 1 |
| Bratt | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: ruta er bratt | A | 1,3 |
| Tungt | Tore Lundberg | Karakteristisk trekk: ruta er tung | A | 1,3 |
| Ryggen | Tore Lundberg | Samanlikningsnamn: ruta går langs ein rygg | A | 1,3 |